

Søknad

Søknadsnr.	2018-0302	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Framtidsfylket karrieremesser 2019			

Kort beskrivelse

Framtidsfylket søker om støtte til å arrangere fylkesdekkende karrieremesser i Trondheim, Bergen og Oslo i 2019. Målsetninga er å synleggjere karrieremoglegheiter i Sogn og Fjordane til unge vaksne for å auke tilflyttinga til fylket.

Prosjektbeskrivelse

Bakgrunnsinformasjon

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Målsettinga er å vise fram karrieremoglegheitene i arbeidslivet i Sogn og Fjordane. Responsen har i alle år vore bra, og messene er innarbeid som ein viktig møteplass mellom studentar, nytdanna og næringslivet vårt. Regionråda i Sogn og Fjordane har sidan oppstart vore ekstremt viktige støttespelarar. Framtidsfylket er særskilt takksam for både økonomisk støtte og engasjement. Begge deler er, og har vore, heilt naudsynt for suksess.

Dei seinare åra har messene i Bergen og Trondheim vekse i storleik, medan messa i Oslo ikkje har vore like enkel å rekruttere publikum til. Messa i Bergen står seg som den største. Fleire bedrifter rapporterer om at ein møter komande arbeidstakrarar på messene. Karrieremessene er også viktige å sjå i samanheng med at Framtidsfylket Trainee har vekse til å bli det største regionale traineeprogrammet i Noreg der messene er eit viktig møtepunkt mellom potensielle traineear og bedriftene.

Konkrete resultat i høve omdømmebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidreg positivt til profilering av fylket vårt er det lite tvil om.

Marknadsføring

Vi har stort fokus på å nå fram til målgruppa, og vi har etterkvart opparbeid mykje erfaring på dette området. Evalueringa vår viser at sjølv om vi kjøper annonseringstenester, så er det sosiale medium, eigne e-postlister og «jungeltelegrafen» som er aller viktigast. Vi profesjonaliserer bruken av sosiale media og skreddersyr kampanjen opp mot messene.

Mobilisering internt i heile fylket er viktig for resultatet med tanke på deltaking av bedrifter, og spreiing av invitasjonar i nettverk. Vi jobbar heile tida for å skape ei brei forståing hos verksemndene i Sogn og Fjordane om at karrieremessene er ”deira arrangement”. Karrieremessene og Framtidsfylket sitt arbeid elles er fortsatt viktig samhandlingsprosjekt for profilering av og tilflytting til fylket vårt.

Arrangementa 2019

Historiefortelling gjennom å vise til dei mellommenneskelege faktorane som gjer bedrifter til spennande arbeidsplassar får mykje fokus i større redaksjonalle artiklar i vår synleggjering av kvalitetane i Sogn og Fjordane.

I tre år no har artiklane vore gjeve ut i trykt form gjennom Magasinet #utanfilter, eit høgkvalitetsmagasin om Sogn og Fjordane.

Magasinet vil ikkje kome ut i trykt form då spreiing av desse vert avgrensa. Vi deler historiane i ulike digitale flater og andre utvalde magasin som t.d. Widerøe sitt Perspectiv. Vi har også plan om at nokre av dei beste historiane skal filmatiserast å bidra til å styrke merkevara Sogn og Fjordane.

Gründermuleheitene i Sogn og Fjordane er viktig å løfte fram, og vi ønskjer å tilrettelegge for dette på karrieremessene slik vi har gjort tidlegare. Det er viktig at vi i Sogn og Fjordane marknadsfører kva fordelar ein har ved å etablere seg i fylket vårt.

Program 2019 i Trondheim og Bergen.

Messene 2019 byggjer vi på same leid som ifor med seminar, mingling på stand og underhaldning. Dette er basert på at vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane på messa og spesielt seminardelen. Vi skal gjere tilpassingar til næringslivet som hadde ein del innvendingar på at ein fekk noko lita tid til mingling.

Vi kjem til å servere mat og drikke slik som før. Sist, men ikkje minst legg vi til rette for ein kveld med god mat og drikke for alle standhalarane i Bergen etter messa i Grieghallen.

Denne nettverkssamlinga er populær og også ein viktig arena for å bygge kjennskap på tvers av bedrifter.

Program 2019 i Oslo

Vi m.o.a har sett gjennom traineesøknadane at Oslo er mykje viktigare enn først antatt. Vi opplevde i overkant av 200 ferre søkerar på traineeestillingane i 2018 enn dei to føregåande åra. Dette gjer at vi no skal tilbake til Oslo, men med eit konsept retta mot unge i etablererfasen. Evaluering frå tidlegare messer viser at majoriteten av deltakarane i Oslo er mellom 25-30 år.

Dette gjer at vi har inngått eit samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane om eit felles arrangement. Vi legg opp til eit førmiddagsarrangement på laurdag.

Vi inviterer til eit program med Framtidsfylketseminar som på dei andre messene og produktseminar for banken. Det blir mingling og bedriftsstands, mellom og etter seminar og fagdelen. Borna vil få eit aktivitetstilbod slik at foreldre kan delta på seminar og treffe næringslivet.

Datoane og lokalval i 2019

Oslo- Teknisk Museum 26. januar

Trondheim -Scandic Lerkendal - 31. januar,

Bergen - Grieghallen - 13. februar

Samarbeidspartnalar

Framtidsfylket AS er prosjektleiar og ansvarleg for både økonomi og gjennomføring. Vi har det administrative arbeidet for å planlegge dette, men vi ønskjer å jobbe tett saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, regionråda, Kunnskapsparken, Innovasjon Norge, kommunane, utviklingsselskap og næringsliv slik at alle har eigarskap til korleis vi profilerer fylket.

For messa i Oslo er Sparebanken Sogn og Fjordane medarrangør

Midlar

For å kunne realisere profileringsmessene til Sogn og Fjordane er det naudsynt å lage til eit spleislag slik som tidlegare år. Den totale budsjettetramma for Oslo, Trondheim og Bergen i 2019 er på 2 160 000,- kroner.

Storparten av finansieringa for dette kjem frå standhaldarar gjennom deira betaling av standavgift. I tillegg søker prosjektet midlar frå alle dei 4 regionane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Oslo blir å rekne som eit pilotprosjekt der det er særskilt viktig å ta omsyn til tilbakemeldingane som kjem.

Framtidsfylket meiner det er viktig å oppretthalde innsatsen på desse etter kvart tradisjonsrike karrieremessene. Dei viser seg å vere viktige for næringslivet og kommunane i Sogn og Fjordane, særleg med tanke på framtidige utfordringar i forhold til rekruttering.

Framtidsfylket søker med dette Sogn og Fjordane Fylkeskommune om kr 250 000,- i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Oslo, Trondheim og Bergen 2019.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Framtidsfylket AS Org.nr:992403896	Naustdalsvegen 1 B 6804 FØRDE	99017852
Kontakt-person	Linda Hovland	Dalsvegen 166 6963 DALE I SUNNFJORD	99017852
Prosjekt-leder	Linda Hovland	Dalsvegen 166 6963 DALE I SUNNFJORD	99017852

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Tilskot til samfunns- og næringsutvikling

2018: Kreativt konsept for å styrke Merkevara Framtidsfylket - ligg til behandling

2017: Framtidsfylket karrieremesser 2018

2017: Omdømme prosjektet, 2017

2016: Framtidsfylket karrieremesser 2017

2016: Magasinet #Utan filter

Kommunalt Næringsfond for Jølster, Førde, Gauldalen og Naustdal

2018: VestLAN

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sogn og Fjordane har dårleg folketalsutvikling og framskrivingane fortel oss at det vil bli ei utfordring å rekruttere kompetent arbeidskraft.

Å marknadsføre næringsliv og bukvalitetar samla blir meir og meir viktig som eit av tiltaka for å møte desse utfordringane.

Prosjektmål

Auke tilflytting til Sogn og Fjordane ved å

1. Synleggjere karrieremoglegheiter for nyutdanna betre
2. Skape stoltheit for dei som er frå fylket
3. Vise eit attraktivt bu- og arbeidsfylke

Forankring

Karrieremessene er godt forankra både på fylkeskommunalt plan og i regionane. Meseene i 2019 er den 13. i rekka, og karrieremessene har etablert seg som ein tradisjonsrik møteplass både for målgruppa og for bedriftene som deltek

Prosjektorganisering

Framtidsfylket administrerer arbeidet med å planlegge og tilrettelege for karrieremessene

Samarbeidspartnere

Regionråda, bedriftene, næringselskapene, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, Fylkeskommunen og kommunane er alle viktige støttespelarar i arbeidet med messene.

Aktiviteter

3 karrieremesser, plenumsseanse og sosiale nettverksarenaer.

Målgrupper

Unge vaksne som er i utdanning eller i etableringsfasen

Resultat

Vi ser fleire resultat av messene

1. Tilsetting hos dei bedriftene som deltek
2. Større søkermasse på traineeestillingane
3. Meir merksemrd på moglighetane i Sogn og Fjordane frå målgruppa på lang sikt

Effekter

Auka merksemd og kunnskap om moglegheitane i Sogn og Fjordane.

Auka intern stoltheit hos menneske frå og som bur i fylket.

På lang sikt: Auka folketal.

Tids- og kostnadssplan

Tidsplan

Planlegging av messene er igang. Hovudsesong of arbeidet er frå november og ut mars.

I dette inngår programmering, praktisk tilrettelegging, marknadsføring, påmelding, gjennomføring, evaluering.

Rapport blir laga vår 2019.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Administrative utgifter	543 000					543 000
Arr Bergen seminar og artist	120 000					120 000
Arr Oslo lokaler+ servering	100 000					100 000
Arr Oslo seminar	45 000					45 000
Arr. Bergen 13.februar. lokal+servering	450 000					450 000
Arr. Trondheim lokaler+ servering	300 000					300 000
Arr. Trondheim seminar og artist	120 000					120 000
Marknadsføring	482 000					482 000
Sum kostnad	2 160 000					2 160 000

Vedk. Osloarrangementet er det kun framtidsfylket sin andel kostnader som er rekna inn i budsjettet.

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Regioneråda 4x60000	240 000					240 000
Standsinntekter	1 670 000					1 670 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	250 000					250 000
Sum finansiering	2 160 000					2 160 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Budsjett karrieremesser 2019 Bg, osl, th.pdf	54 545	04.11.2018